

# Referat frå årsmøtet i Norsk Barnelegeforening (NBF) 2020

**Stad:** Zoom/digitalt

**Dato:** 10.06.20

**Tilstades:** styret i NBF, samt medlemmer i foreninga (totalt 19 pålogga, men truleg fleire medlemmer per pålogging)

## SAKSLISTE:

### 1. Val av møteleiar:

Forslag: Jon Grøtta

Vedtak: Vald.

### 2. Val av referentar:

Forslag: Ragnhild Marie Salvesen (AHUS) og Signe Hatteland (SUS)

Vedtak: Valde.

### 3. Val av protokollunderskrivarar:

Forslag: Ketil Størdal og Åsbjørn Westvik.

Vedtak: Valde.

### 4. Godkjenning av innkalling, saksliste og forretningsorden.

Vedtak: Godkjend.

### 5. Årsmelding 2019 (heile kan lesast via [pedweb.no](https://pedweb.no), under fana "om oss").

Gjennomgått. Inga innvending.

Vedtak: Godkjend.

### 6. Revisorgodkjend rekneskap 2019:

Vedtak: Godkjend rekneskap med revisjonsberetning for 2019.

### 7. Forslag til budsjett 2021:

Vedtak: Godkjend.

### 8. Orientering: Etterutdanning

Erling Tjora, frå arbeidsgruppa for etterutdanning av spesialistar i pediatri, orienterte om arbeidet vedrørende etterutdanninga for spesialistar i pediatri. Detaljert informasjon om dette vert lagt ut som eige dokument på [pedweb.no](https://pedweb.no) og er kort oppsummert i årsmeldinga frå 2019.

Innspel:

Thor Willy Ruud Hansen stilte spørsmål til kven som er ansvarleg for å kontrollere og registrere at spesialisten følger krava. Avdelingsoverlegen der ein er tilsett? Ruud Hansen meinte også at det bør registrerast, men understreka at han var klar over at det vil vere ein stor sekretariatjobb. Tjora svarte at slik det er nå dreier det seg ikkje om ei resertifisering og ein har derfor ingen sanksjonsmoglegheit, og nemnde også oppfølging lokalt i eiga avdeling som ein moglegheit. Ketil Størdal kommenterte at barnelegeforeninga som medisinsk forening kan ha formeining om at me bør ha ei formell registrering av etterutdanninga, men at det ikkje er barnelegeforeninga som bestemmer dette. Terje G. Alsaker kommenterte at det er mange som underviser ifm etterutdanninga og spesialistutdanninga for LIS og at det bør bli formaliserte rettigheter/moglegheiter for dei som skal undervise/vere instruktør. Slik det er nå er det ein evig kamp med avdelinga om å få delta på kurs, og ein kan kome i situasjonar der ein må velge mellom å vere instruktør eller å få reise på kurs sjølv.

## **9. Orientering: Endra møteplanar som følge av pandemien**

Leiar Elisabeth Selvaag orienterte om endringar vedteken av styret.

Vår møtet i Levanger skulle vore halde nå og vart diverre avlyst pga COVID-19-situasjonen. Pediaterdagane ved UNN som var planlagt på nyåret 2020 er også avlyst. Grunnen til det er at styret i NBF fekk tilbakemelding frå arrangøren at det var vanskeleg å få foredragshaldarar til å kome, samt deltakarar til å melde seg på grunna usikkerheta ifm COVID-19. I tillegg har FHI vurdert det til ein risikosituasjon å samle over 100 barnelegar på eitt arrangement. Styret i NBF ønsker at det skal vere aktivitet i foreninga også i 2021, og arbeider med eit arrangement som inneber at færre må reise og at det skal vere moglegheit for digital deltaking. Ein håper at moglegheita for samling igjen er tilstades i juni 2021.

## **10. Innkomne saker.**

Ingen innkomne saker innan tidsfristen.

Ved referent Ragnhild Salvesen (AHUS) og Signe Hatteland (SUS)

Protokollunderskriverar Ketil Størdal og Åsbjørn Westvik har godkjend elektronisk.